

# Rapport om målbruk i offentlig teneste 2015

## Innhald

Om rapporten.....	3
Forklaring til statistikken .....	3
Resultat frå underliggjande organ.....	4
Nettsider.....	4
Figur 1 Nynorskdelen på statlege nettsider, i prosent .....	4
Korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider) .....	4
Figur 2 Talet på statsorgan som oppfylte krava i mållova i korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider) .....	5
Sosiale medium .....	5
Figur 3 Nynorsk i sosiale medium, i prosent .....	5
Skjema .....	5
Figur 4 Skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent.....	6
Førespurnader om moglege brot på mållova.....	6
Figur 5 Talet på førespurnader om moglege brot på mållova .....	6
Resultat frå departementa .....	6
Dokument under 10 sider .....	7
Figur 6 Nynorsk i dokument under 10 sider hjå departementa, i prosent.....	7
Dokument over 10 sider.....	7
Figur 7 Nynorsk i dokument over 10 sider hjå departementa, i prosent.....	7
Stortingsdokument.....	8
Sosiale medium .....	8
Tiltak i 2015 .....	8
Nynorskkurs.....	8
Regjeringa.no.....	8

## Om rapporten

Dette er det statistiske oversynet over fordelinga mellom bokmål og nynorsk i staten i 2015. Statistikken er ført på grunnlag av eigenrapportering frå statsorgan til Språkrådet og gjeld sentrale statsorgan, dvs. statsorgan som har heile landet som tenestekrins. Målbruken i departementa er omtalt i eit kapittel for seg.

Alle sentrale statsorgan skal levere målbruksrapport til Språkrådet, men ikkje alle oppfyller denne plikta. For 2015 bad vi om tal frå 175 statsorgan. Denne rapporten er bygd på svara frå 127 av dei. I tillegg inneheld rapporten tal frå 16 departement, medrekna Statsministerens kontor.

### Forklaring til statistikken

Dei sentrale statsorgana rapporterer i faste kategoriar i eit skjema som Språkrådet og Kulturdepartementet har utarbeidd, og leverer tal for kategoriane nettsider, tekstar under 10 sider, tekstar over 10 sider, sosiale medium og skjema. I alle kategoriane utanom skjema er føremålet å finne ut i kva grad statsorgana etterlever det lovpålagde vekslingskravet på 25 %. Skjema skal etter lova liggje føre på både bokmål og nynorsk. I denne kategorien rapporterer statsorgana inn kor mange skjema dei har i alt, og kor mange som er tilgjengelege i begge målformene.

Språkrådet vil i tida som kjem, arbeide med ei modernisering og forenkling av rapporteringsmetoden, og vonar å få til ei fullgod digital løysing innan nokre få år.

Tilsynet med departementa har tidlegare lege hjå Kulturdepartementet, men vart overført til Språkrådet i 2015, med tala frå rapporteringsåret 2014. Dette er såleis andre året Språkrådet behandlar tala frå departementa.

Departementa har tidlegare rapportert i kategoriane dokument under 10 sider, dokument over 10 sider og stortingsdokument. Nytt for 2015 er at departementa (på lik linje med dei underliggjande organa) òg skal melde inn tala for målbruk i sosiale medium.

Målbruk er meir enn tal, så statistikken er berre ein peikepinn på bruken av og den faktiske jamstillinga mellom nynorsk og bokmål i staten. Statsorgan som har ein låg nynorskprosent, kan ha mykje nynorsk i sentrale tekstar, slik at det er meir verkeleg jamstilling enn tala tyder på. Like eins kan eit statsorgan med nokså jamn veksling ha mest nynorsk i mindre sentrale tekstar, slik at nynorsken i røynda er lite jamstilt. Mellom anna difor vil Språkrådet i liten grad gi seg inn på å tolke små endringar.

Vi tek atterhald om feilføringar og feilrapporteringar i statistikken.

## Resultat frå underliggjande organ

I statistikken for underliggjande organ er prosenttala rekna som vanleg (aritmetisk) gjennomsnitt.


I 2015 var det ni færre underliggjande organ som leverte rapport til Språkrådet enn i 2014. Jamstillinga hjå underliggjande organ er om lag den same som i 2014.

### Nettsider

I gjennomsnitt nytta ein statleg nettstad 14,8 % nynorsk i 2015. Det har vore jamn framgang i denne kategorien dei siste åra, men det har gått litt attende etter 2014.

Nettsider er den mest usikre kategorien å måle veksling i. Målemetoden Språkrådet nyttar, eit Google-søk på ordpar, har veikskapar. Dessutan har mange statsorgan store nettstader der mykje av stoffet er lite relevant eller gammalt. Statistikken seier heller ikkje noko om vekslinga i det mest lesne tilfanget på nettstaden, noko som er viktig for den reelle jamstillinga.

Ein kan altså ikkje slå heilt fast korleis stoda er, på grunnlag av denne statistikken aleine, men han er likevel ein nyttig indikasjon.




Figur 1 Nynorskdelen på statlege nettsider, i prosent

### Korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider)

Rapporteringskjemaet skil mellom kategoriane «korte tekstar 1–10 sider» og «tekstar over 10 sider». Begge kategoriane inneheld ein god del sentrale publikasjonar av ulik lengd, til dømes stillingsannonser i den eine kategorien og årsrapportar i den andre. Ein del statsorgan oppfyller krava i desse kategoriane.

Tala våre tyder på at bruken av nynorsk har gått noko ned i kategorien for korte tekstar. Her ligg gjennomsnittleg bruk av nynorsk på 19,1 %, mot 21,5 % i 2014. Også i kategorien for lengre tekstar ser vi nedgang, til 20,1 % i 2015 frå 21,8 % i 2014.




Figur 2 Talet på statsorgan som oppfylte krava i mållova i korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider)

## Sosiale medium

I gjennomsnitt publiserte statsorgana 14,7 % av meldingane sine på nynorsk i sosiale medium i 2015. Talet har auka fleire år på rad. Meldingar og nyheiter i sosiale medium når ut til eit breitt publikum. Det er difor særleg viktig for måljamstillinga at vekslinga i denne kategorien er jamn. Tekstane er korte, så terskelen bør vere låg for å skrive på nynorsk, også for statstilsette som kjenner seg utrygge på målforma.


Språkrådet har tidlegare sett at mange statsorgan ikkje har vore klare over at mållova også gjeld for sosiale medium, men med tida aukar kjennskapen til regelverket. Alt tyder på at den positive utviklinga vi ser i kategorien, er reell.



Figur 3 Nynorsk i sosiale medium, i prosent

## Skjema


2066 av 3124 innrapporterte skjema låg føre i begge målformene i 2015. Dei fleste av skjemaane som ikkje gjorde det, mangla på nynorsk. Talet på innrapporterte skjema varierer mykje frå år til år, og det er truleg ein del feilrapportering. Dei store svingingane i denne kategorien må sjåast i lys av dette.



Figur 4 Skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent

## Førespurnader om moglege brot på mållova

Talet på førespurnader om moglege brot på mållova har gått gradvis nedover dei siste åra, men i 2015 var talet høgare enn dei to åra før. Av dei 63 førespurnadene Språkrådet mottok i 2015, galdt 25 eksamen i feil målform. Språkrådet har god grunn til å tru at dei aller fleste brot på mållova aldri blir melde inn, så talet på førespurnader speglar ikkje talet på brot direkte. Ein av grunnane til auken er truleg betre informasjon på Språkrådets nye nettsider om korleis ein går fram når ein meiner å oppdage mållovsbrot.



Figur 5 Talet på førespurnader om moglege brot på mållova


## Resultat frå departementa

Det er Kulturdepartementet som tidlegare har ført statistikken for departementa. Dei har berre målt vekslinga mellom nynorsk og bokmål i dokumentkategoriar. Dette er andre gongen Språkrådet behandlar rapportane til departementa og fyrste gongen vi inkluderer målbruken i sosiale medium. Nettsider er ikkje med i statistikken.

Statistikken for departementa viser prosenten som vege snitt.


## Dokument under 10 sider

Nynorskbruken i dokument på under 10 sider har gått gradvis ned dei siste åra, med eit lågpunkt i 2014, men ser no ut til å vere på veg opp mot vekslingskravet igjen.



Figur 6 Nynorsk i dokument under 10 sider hjå departementa, i prosent


## Dokument over 10 sider



Figur 7 Nynorsk i dokument over 10 sider hjå departementa, i prosent

Statistikken viser ein kraftig auke i bruken av nynorsk i dokument på over 10 sider. Mykje av auken skriv seg frå teksttilfang knytt til kommunevalet i 2015.

## Stortingsdokument



Figur 8 Nynorsk i stortingsdokument, i prosent

Stortingsdokument, som omfattar proposisjonar og stortingsmeldingar, er den kategorien der departementa samla sett har pleidd å ha den jamnaste vekslinga. Sett under eitt har departementa vore nær ved å oppfylle krava i mållova dei siste åra, og i 2012 nådde dei målet om meir enn 25 % nynorsk.

Talet for 2015 er på under 20 %. . Vi ventar at departementa ser på rutine sine slik at tala for 2016 kjem opp mot målet på 25 % att.

## Sosiale medium

Departementa rapporterer om berre 4 % nynorsk i sosiale medium i 2015. Det er fyrste året vi ber om informasjon i denne kategorien. Vi har difor ikkje tal å samanlikne med. Dei aller fleste departementa nyttar både Facebook og Twitter, og bokmål er nesten einerådande. Mange nyttar dessutan heller engelsk enn nynorsk. Departementa har ein lang veg å gå før krava i mållova blir oppfylte. Vi håpar å sjå framgang i tida som kjem.

## Tiltak i 2015

### Nynorsk kurs

Det er godt driv i Språkrådets kursarbeid: Det vart halde 11 nynorsk kurs i 2015. Etterspurnaden var stor, og tilbakemeldingane var jamt over svært gode.

### Regjeringa.no

Ein ny versjon av departementa sin nettstad *regjeringa.no* vart lansert rett før årsskiftet 2014/2015. Nettstaden vart kritisert for å ha for lite nynorsk både i faste tekstar og i



nyheitssaker. Språkrådet tok difor initiativ til ein dialog med DSS (Service- og tryggingorganisasjonen til departementa) om korleis målvekslinga kunne bli betre. Dette førte til eit konstruktivt samarbeid med DSS, Kulturdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Statsministerens kontor som resulterte i at nynorsk gradvis vart meir synleg på nettstaden. Språkrådet inviterte nettredektørane og kommunikasjonssjefane i alle departementa til eit møte om arbeidet med målveksling på nettstaden. Målet var å få innsikt i kva utfordringar departementa har i arbeidet med målveksling, slik at Språkrådet på best mogleg måte kan gi råd og rettleiing.

Språkrådet fylgjer no opp desse spørsmåla i tilsynsdialogen med departementa.